



Mulvik AS er eit allsidig rådgivande ingeniørforetak som tilbyr tenester innanfor prosjektering av bygg- og anlegg, kommunalteknikk, prosjekt- og byggeleing, geomatikk, planarbeid, og taksering. Føretaket har i dag 18 fast tilsette, hovudkontor i Volda sentrum og avdelingskontor i Stryn. Firmaet er solid forankra i lokalmiljøet.

Vi søker etter:

Geomatikar

Geomatikk er eit satsingsområde i Mulvik, og no søker vi etter deg som både kan faget og som har ei service-innstilt haldning med fokus på kvalitet og framdrift.

Om stillinga:

Vi ser etter deg som likar å være tett på prosjekta og menneska som er involverte. Dette er ei rolle med stor variasjon i kvardagen, der presisjon og høg kvalitet er avgjerande.

Arbeidsoppgåvene vil variere, men omfattar mellom anna:

- Utarbeiding av stikningsplanar
- Innmåling og utstikking av bygg/anlegg/konstruksjonar
- Masseberekningar og dokumentasjon til entreprenørar
- Innmåling og kontroll i byggjefasa
- 3d-scanning og behandling av punktskydata

Vi ser etter deg med relevant utdanning/erfaring innanfor geomatikkfaget, og som jobbar strukturert og nøyaktig. Du tek ansvar for eigne oppgåver, samstundes som du trivst med samarbeid og dialog med andre fagmiljø. Du forstår verdien av gode leveransar og møter kundar og samarbeidspartnarar på ein profesjonell og omgjengeleg måte. Erfaring er ein fordel, men vi legg størst vekt på rett haldning og ynskje om å utvikle seg vidare. Har du kompetanse eller erfaring utover det vi primært ser etter, tilpassar vi gjerne stillinga. Vi er meir opptatt av rett person enn ei fast form.

Vi i Mulvik AS tilbyr:

Ein variert arbeidskvardag med reelt ansvar og høve til å påverke både eiga rolle og korleis prosjekta vert løyst. Du blir ein del av eit tverrfagleg miljø med tett samarbeid på tvers av disiplinar, der kunnskap blir delt og avgjerder vert tekne i lag. Vi legg til rette for fagleg utvikling og kompetansebygging med fokus på at arbeid og privatliv skal gå godt saman- og tilbyr difor fleksible løysingar. Arbeidsstad vil primært vere i Volda, men etter behov ved avdelingskontoret i Stryn.

Ynskjer du meir informasjon om stillinga, ta kontakt med avdelingsleiar Tore Liaskar på telefon 416 97 625 eller mail tore@mulvik.no . Søknad med CV sendast til: tore@mulvik.no

Søknadsfrist: 18.01.26

Søknadar vert vurdert fortløpande.